

Preses Olav Fykse Tveit

Helsing til nyutnemnd biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen

Bergen domkyrkje, 10. februar 2023

Kjære Ragnhild Jepsen!

Til lukke med utnemninga som biskop i Bjørgvin bispedømme i Den norske kyrkja! Eg helsar deg velkommen som ein ny kollega, på vegner av alle kollegaene i Bispemøtet. Vi ser fram til å samarbeide med deg om dei oppgåvene vi skal stå saman om i kyrkja, som du no skal gå inn i her i Bergen og i dette fantastiske bispedømmet.

Du kjem til denne oppgåva med mykje ballast. Som så ofte før, når nokon kjem frå nord hit til Bergen, har ein mykje med seg som ein kan og vil by fram. Og som biskopen din i Nidaros domprosti, får eg seie på ein dag som denne: Den som har noko å fare med, den fer.

Det er du i ferd med å gjere no. I god tru. Med eit klart kall, både innanfrå i din eigen motivasjon, og no frå kyrkja som kallar deg til denne oppgåva. Du er vel vitande om at det er gode og ganske store forventningar til deg. Det skulle berre mangle når du skal verte biskop i Bjørgvin, vårt største bispedømme i antal sokn og medarbeidrarar, og med Sjømannskyrkja som tilliggjande herlighet. Forventningane er der fordi det er tillit til deg om at du har noko å fare med. Mange vil oppdage kva det er. Nokon av oss veit ein god del om kva det er allereie.

Du har skaffa deg mykje erfaring og vunne deg mykje respekt med å leie arbeidet ved ei heilt spesiell domkyrkje, Nidarosdomen, og ved å representere kyrkja i Trondheim, i ein annan norsk storby. Det har vore alt frå dei daglege oppgåver å leie ein aktiv stab, til å odle kyrkjas kulturelle arv og uttrykk, til å fylle nasjonale og internasjonale økumeniske oppgåver. Men aller mest ved å feire gudsteneste, forkynne evangeliet, og leie kyrkja i å tilbe Gud, og å be for kyrkja, for alle folk, her til lands

og i verda. Det har du gjort på måtar som har vore til mykje velsigning. Det vil det verte her også.

Men vi hallingar veit at det er ikkje berre i storbyen at det skjer. Det er framleis slik at mange av oss bur, lever, samlast og trivst i det vi stolt og glade kallar bygdene – der vi byggjer og bur. Og det er ikkje berre hytter som vert bygd der. Det er i bygdene at svært mange har sine røter. Og det er jo ut av røtene at alle planter veks. I dette bispedømmet er det mange sokn, mange vegar, mange fjordar, mange øyar, mange fjell og mange dalar. Her har du også dine lange røter.

Du veit at det er der folket lever at kyrkja også har sin plass. Det er der du skal setje mot i alle medarbeidarar til å vere kyrkje med folk, og kyrkje for folk. I vår tid. Det er der vi er at vi treng ei kyrkje som gir oss rammer for å møte Jesus og få næring for å tru, håpe og elske i alt som livet møter oss med.

Overalt i dette bispedømmet har kyrkja djupe røter. Det er her mykje starta av alt som sidan vart kyrkje og kristen tru, kultur og rett i Noreg. Og det veit dei godt her. Det vil du merke. No skal du få vere med og leie førebuingane av tusenårsjubileet neste år for kristenretten som vart sett på Moster. Slik noko kan du. Du er glad i arv og tradisjonar. Du kan hjelpe til at dette og andre tusenårsmarkeringar i åra som kjem vert hendingar som heile Noreg får glede og nytte av. Slik at kristenarv vert noko som har verdi ved at vi ikkje berre anerkjenner den, men brukar den i vår tid, og formidlar og vidare utviklar den for komande generasjonar.

Bjørgvin får no ein biskop som er glad i kyrkja, svært glad i kyrkja. Meir enn dei aller fleste, vil eg nok seie. Så glad at du er villig til å gjere det meste, i tide og utide, for at kyrkja skal få det beste av deg og av dei du arbeider saman med. Og eg trur du har ekte glede av å sjå at det vert noko utav det du gjer i din kjærleik til kyrkja. Det vil Bjørgvin bispedømme også merke.

Til lukke med utnemninga, lukke til med di ferd hit! Den 16. april
møtest vi att her i Bergen domkyrkje for vigsling og forbøn for
den nye tenesta du går inn i.